



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

09/5484-9

Finansdepartementet  
Postboks 8008 DEP  
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
13/8184 - TJU

Dato  
13.02.2014

**Høyring - Gjennomføring av diverse direktivføresegner i verdipapirhandellova og verdipapirforskrifta**

Vi viser til Finansdepartementets brev 18. desember 2014 med vedlegg.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:

I høyringsnotatet utarbeidd av Finanstilsynet er det teke inn utkast til eit pålagt unntak i verdipapirhandellova frå innsyn etter offentleglova. Pålagt unntak frå innsyn blir i dag berre gjort for informasjon som er omfatta av teieplikt, og det er ynskjeleg at unntak frå innsyn så langt som råd blir samla i offentleglova. Sidan Noreg er forplikta til å innføre unntak frå innsyn for den informasjonen som er omhandla i utkastet, tilrår vi at det i staden blir teke inn ei føresegn om teieplikt i verdipapirhandellova. Denne kan til dømes takast inn som eit nytt tredje ledd i § 15-6 og lyde slik:

*«Enhver som utfører arbeid eller tjeneste for Finanstilsynet eller departementet, har taushetsplikt for opplysninger som omhandler tiltak og sanksjoner som knytter seg til overtredelse av bestemmelser i kapittel 3, 4 eller 5 i loven her, dersom offentliggjøring av opplysningene kan skape alvorlig uro på finansmarkedene eller påføre de berørte parter uforholdsmessig stor skade.»*

Det bør gå tydeleg fram av merknadane til føresegna kva for kriteria som må vere til

Postadresse  
Postboks 8005 Dep  
0030 Oslo

Kontoradresse  
Gullhaug Torg 4a  
0484 Oslo

Telefon - sentralbord  
22 24 90 90  
Org.nr.: 972 417 831

Plan- og  
administrasjonsavdelinga  
Telefaks  
22 24 95 34

Sakshandsamar  
Toril Juul  
22245125  
toril.juul@jd.dep.no

stades for at teieplikta skal gjelde.

Med vennleg helsing

*Sine Lister*  
Harald Aass  
fagdirektør

*fer*

*Toril Juul*  
Toril Juul  
seniorrådgjevar